

# Jakob og Jon- veit eg

**Jon Eikemo og Jakob Sande** saman er blank dynamitt. Dei einaste som gjekk skuffa heim frå Rosekyrkja laurdag var dei som ikkje kom inn.

**STORDAL.** Få norske artistar har slikt grep om publikum som Jon Eikemo. Og 67-åringen svikta heller ikkje i Stordal laurdag kveld.

Turen gjennom Jakob Sandes liv og verd kallar på alle livets fasettar. Ellevill galskap, vakker og var kjærleit, djup fortvilning, humor og glede. Inn i denne verda tok Jon Eikemo ei fullsett Rosekyrkje. I to og ein halv time var det han som styrde når vi skulle smikle, når vi skulle le og ikkje minst, når vi skulle diskutert tørke ein lita som fleire norske artistar framfører. I Dale i Sunnfjord vart det i 2002 reist ei statue av Vesle Daniel.

Og Vesle Daniel i Jon Eikemos folkvart og mellom dei absolute høgdepunkta laurdagskvelden. Bondeguten, verdsmannen, den trygge heimen og den vankelege verda. Vesle Daniel er som ein eigen lita ferd gjennom Jakob Sandes liv og den tida han evde i.

Eit anna høgdepunkt var framføringa av dikta til dottera Siri, med og utan tonefølgje. Dette gjer ingen Eikemo etter - trur eg.

**Stor kveld.** Rosekyrkja i Stordal var smekkkfull. Mange måtte gå heim utan å få oppleve Eikemo.

- Dette er vi svært leie oss for,



sa Leiv Dybdal, arrangør i Stordal. som fekk denne Eikemo-kvelden i fødselsdag-gåve.

- Vi beklagar dette inderleg. Men oppslutninga om denne konserten var lang større enn vi kunne forestille oss. Vi klarer å få inn 270 peronar i Rosekyrkja. I tillegg fekk så mange som mogleg lov til å stå i yttergangen gratis, men heller ikkje der var plass til alle som ville inn. Sjølv sagt er det flott at vi har slik suksess, men vi er veldig lei oss for at nokre måtte gå heim utan denne opplevinga.

Mellom dei som fekk med seg Jon Eikemo var Sølvi Lill Seljebotn og mora, Svanhild.

- Dette var ein stor kveld. Begge skein etter konserten.
- Kva som var høgdepunktet? Det var høgdepunkt heile kvelden. Eg er overvelda, sa Svanhild

– Topp. Dette var ein kveld som vil verte hugsa lenge, meinte Karin og Rolv Rørhus som hadde teke turen frå Brattvåg til Stordal laurdag.

**KÅRE SÆTER**  
kare.sater@smp.no



– Ei flott gåve. Svanhild Seljebotn fekk Eikemo-konserten som gåve frå dottera Sølvi Lill.